

Styremøte 10.sept. -18

Desse møtte: Mette Marie D, Bjørg K, Solveig L.S, Kristin A, Nelly Y, Eva M.. Sunneva L.

Sak 65/-18 Orienteringar

*Sansehagen: Opning av ny paviljong 10.sept., godt frammøte, svært vellukka.

Blomster til Judith, vel fortent!

*Kulturminnedag 8.okt.: Samarbeid med Husflidslaget.

All tjukklefsedeig vart utbaka og steikt. Sal for ca. 2500kr.

Bra oppmøte, lite lokalfolk, mest campingfolk.

Bra å ha kulturminnemarkering i sentrum.

*Møte i Beredskapsrådet: Mette møtte for VBK.

Sak 66/-18 Kveldstur og Kveldsmat

Bakeriet skal kanskje stengjast måndagane.

Dersom det blir bestemt, satsar VBK på siste torsdag i månaden.

Bjørg kontaktar Hillevi.

Sak 67/-18 Skåp på Martin Linge-huset

Laget har tinga 2 skåp på Sosialrommet, eit oppe og eit nede.

Dersom det blir kjøpt inn fleire skåp, har laget bedt om å få byte, slik at vi disponerer 2 skåp etter kvarandre, eit skåp oppe og eit skåp i midten. Kvart skåp kostar 3000kr. Nelly kontaktar kommunen,

Sosialrommet,

ber om at VBK får plassere gammalt VBK-skåp på lagerrommet ved sida av

og ber også om at kommunen kjøper attende dei nye skåpa dersom det blir

ev. endringar.

Sak 68/-18 Kyrkjekaffi søndag 21.okt.

Kafegruppa med Vigdis er ansvarleg.

Sak 69/-18 Råvareaksjon 16.okt. BYGG kl.18 - 21 på Martin Linge-huset.

Eiga arbeidsgruppe: Mette, Bjørg, Solveig.

Mette tingar bygg til 120 poser frå NBK, hentast på COOP STORDAL

Bjørg har tinga Martin Linge-huset og lagar plakat.

Solveig har kontakt med foreleser. Han skal overnatte på Valldal fjordhotell.

VBK tingar og betaler. (Han har svigermor frå Valldal.)

Elles må gruppa ha hjelp av medlemer til diverse, gruppa tek kontakt.

Kafegruppa går fri, dei har ansvar for Kyrkjekaffi på søndagen 21.okt.

KL..18 Foreleser Einar Risvik snakkar om bygg med vinkling mot skule og storhusholdning.

KL.19 - ca.19.45 pause med lett servering, rettar av bygg, utdeling av byggposar, frukt,

KL.!9.45 - ca. 20.30 Verdas helsesituasjon, overvektsproblem og kvifor vi et så gale.

KL.20.30 ca. Spørsmål ev. panel og avslutning.

VBK søker om støtte til prosjektet. Solveig har sendt skriv til kommunen, Sparebanken Møre,

Tafjord Kraft, Fjordhagen, Muritunet, Gjensidige, Bunnpris, Spar.
Vi kan støttast med pengar, varer, hjelp til tilrettelegging, deltaking.
Vi kan søkje om støtte frå Kulturbygging etter aksjonen er ferdig,
dersom dette er noko for både Norddal og Stordal.

Invitasjon til m.a. NBK, M&RBK, lag frå Stordal m.a. Mental Helse, til helselag
og bygdekvinnelag
i nærleiken. kommune med skule og eldreinstitusjoner, Muritunet.

Sak 70/-18 Aksjer i Vitafjord
Vbk seier ja til innløysing av aksjar til kr. 231,21 pr. aksje.

Sak 71/-18 Klovsettur måndag 17.sept.
Oppmøte på setra kl.18, folk bestemmer sjølve om dei vil køyre el. gå.
Sunneva kjøper inn bollar og pålegg + sjokolade. Styret tek med ferdig kaffi +
te.

Sunneva Linge skrivar